



ORGANISASJONSPLAN

*Frå denne Stranda kjem verdas beste fotballklubb
– ein klubb for alle!*



KUNNSKAP



LOJALITET



ANSVAR



RESPEKT

Innhald

.....	1
.....	1
FØREORD FRÅ STYRET	5
1.1 Føremål.....	6
1.2 Revisjon og oppdatering.....	6
1.3 Organisasjonsplanen som arbeidsverktøy.....	6
Kapittel 2. Om Stranda IL Fotball.....	7
2.1 Klubben.....	7
2.2 Visjon.....	7
Frå denne Stranda kjem verdas beste fotballklubb.....	7
2.3 Klubbprofil.....	7
Ein klubb for alle.....	7
2.4 Verdigrunnlag.....	7
Kunnskap.....	7
Lojalitet.....	7
Ansvar.....	8
Respekt.....	8
2.5 Målsetjingar.....	8
Kapittel 3. Organisasjonsmodell.....	8
3.1 Stranda-modellen.....	8
3.2 Organisasjonskart.....	9
3.3 Organisasjonen per 2026.....	10
Styret.....	10
Tilsett.....	10
Nøkkelroller.....	10
3.4 Frivillig organisasjon.....	10
Kapittel 4. Styret sitt ansvar og arbeidsform.....	11
4.1 Styret sitt ansvar.....	11
4.2 Styremøte.....	11
4.3 Arbeidsgjevaransvar.....	12
4.4 Økonomi.....	12
5.1 Sportsleg utval (SU).....	13
Samansetjing.....	13
Ansvarsområde.....	13
Oppgåver.....	13
5.2 Sponsorgruppe.....	14
Ansvarsområde.....	14
Oppgåver.....	14

5.3 Anleggsgruppe.....	14
Ansvarsområde.....	14
Oppgåver.....	14
5.4 Arrangementsgruppe.....	15
Ansvarsområde.....	15
Oppgåver.....	15
5.5 Valkomit�.....	15
Ansvarsområde.....	16
Oppgåver.....	16
5.6 Prosjektgrupper.....	16
D�me p� prosjekt.....	16
Arbeidsform.....	16
5.7 Samspel mellom utval, dagleg leiar og styret.....	16
Kapittel 6. Roller og ansvar.....	17
6.1 Styreleiar.....	17
Form�l.....	17
Ansvarsområde.....	17
Hovudoppg�ver.....	17
Rapportering.....	17
6.2 Nestleiar.....	17
Form�l.....	17
Ansvarsområde.....	17
Hovudoppg�ver.....	17
Rapportering.....	18
6.3 Dagleg leiar.....	18
Form�l.....	18
Ansvarsområde.....	18
Hovudoppg�ver.....	18
Rapportering.....	18
6.4 �konomileiar.....	18
Form�l.....	18
Ansvarsområde.....	18
Hovudoppg�ver.....	18
Rapportering.....	18
6.5 Kvalitetsklubbleiar.....	19
Form�l.....	19
Ansvarsområde.....	19
Hovudoppg�ver.....	19
Rapportering.....	19
6.6 Verdi og samfunnsleiar.....	19

Formål.....	19
Ansvarsområde.....	19
Hovudoppgåver.....	19
Rapportering.....	19
6.7 Barneidrett leiar.....	19
Formål.....	19
Ansvarsområde.....	19
Hovudoppgåver.....	20
Rapportering.....	20
6.8 Trenarrettleiar.....	20
Formål.....	20
Ansvarsområde.....	20
Hovudoppgåver.....	20
Rapportering.....	20
6.9 Kommunikasjonsleiar.....	20
Formål.....	20
Ansvarsområde.....	20
Hovudoppgåver.....	20
Rapportering.....	21
6.10 Bane- og anleggsleiar.....	21
Formål.....	21
Ansvarsområde.....	21
Hovudoppgåver.....	21
Rapportering.....	21
6.11 FIKS-leiar.....	21
Formål.....	21
Hovudoppgåver.....	21
Rapportering.....	21
6.12 Dommarleiar.....	21
Formål.....	21
Hovudoppgåver.....	21
Rapportering.....	21
6.13 Politiattestleiar.....	22
Formål.....	22
Hovudoppgåver.....	22
Rapportering.....	22
6.14 Kioskleiar.....	22
Formål.....	22
Hovudoppgåver.....	22
Rapportering.....	22

6.15 Arrangementleiar.....	22
Formål.....	22
Hovudoppgåver.....	22
Rapportering.....	22
6.16 Rekrutteringsleiar.....	22
Formål.....	22
Ansvarsområde.....	23
Hovudoppgåver.....	23
Rapportering.....	23
Kapittel 7. Frivilligheit og dugnad.....	23
7.1 Frivilligheit som grunnlag for klubben.....	23
7.2 Mål for frivillig arbeid.....	23
7.3 Foreldrerolla.....	24
7.4 Dugnadsarbeid.....	24
Kapittel 8. Kommunikasjon.....	24
8.1 Mål.....	24
8.2 Informasjonskanalar.....	24
8.3 Kommunikasjonsansvar.....	25
Kapittel 9. Kvalitetsklubb.....	25
9.1 Forankring.....	25
9.2 Ansvar.....	25
9.3 Dokumentstyring.....	25
Kapittel 10. Styring, dokumentasjon og revisjon.....	26
10.1 Styrande dokument.....	26
10.2 Revisjon av organisasjonsplanen.....	26
10.3 Avsluttande merknad.....	26
10.4 Revisjonslogg.....	27

FØREORD FRÅ STYRET

Stranda IL Fotball er meir enn ein fotballklubb. Klubben er ein viktig møteplass for barn, ungdom og vaksne, og ein arena for fellesskap, meistring og utvikling.

Denne organisasjonsplanen skal vere eit praktisk arbeidsverktøy for alle som har roller og ansvar i klubben. Planen skildrar korleis klubben er organisert, kva ansvar dei ulike funksjonane har, og korleis vi saman skal arbeide for å utvikle Stranda IL Fotball vidare.

Organisasjonsplanen skal bidra til kontinuitet, tydelege ansvarsforhold og god samhandling mellom styret, dagleg leiar, utval, trenarar, lagleiarar og frivillige.

Dokumentet byggjer på klubben sine verdiar og visjon:

Frå denne Stranda kjem verdas beste fotballklubb – ein klubb for alle.

Vi ønskjer å skape eit trygt, inkluderande og utviklande miljø der alle får moglegheit til å oppleve fotballglede, meistring og fellesskap.

På vegner av styret i Stranda IL Fotball

Styreleiar

Kapittel 1. Innleiing

1.1 Føremål

Organisasjonsplanen er eit sentralt styringsdokument for Stranda IL Fotball. Dokumentet skal bidra til ei tydeleg og føreseieleg organisering av klubben og vere eit praktisk arbeidsverktøy for tillitsvalde, tilsette, trenarar, lagleiarar og andre som har roller og ansvar i klubben.

Planen skildrar korleis Stranda IL Fotball er organisert, kva ansvar dei ulike rollene har, og korleis klubben arbeider for å nå sine mål. Organisasjonsplanen skal bidra til kontinuitet i drifta og sikre at kunnskap og erfaring vert vidareført når personar går ut av verv og nye kjem inn.

Dokumentet er forankra i vedtektene til Stranda Idrottslag, Norges Idrettsforbund (NIF), Norges Fotballforbund (NFF) og dei prinsippa som ligg til grunn for kvalitetsklubbkonseptet.

1.2 Revisjon og oppdatering

Organisasjonsplanen skal vere eit levande dokument som vert oppdatert ved behov.

Styret har ansvar for at planen vert gjennomgått minimum éin gong i kvar styreperiode og når det skjer vesentlege organisatoriske endringar.

Mindre oppdateringar knytt til personar, funksjonar og kontaktinformasjon kan gjennomførast utan full revisjon av dokumentet.

Denne utgåva er revidert i 2026 og erstattar tidlegare versjonar.

1.3 Organisasjonsplanen som arbeidsverktøy

Organisasjonsplanen skal:

- skape tydelege ansvarsforhold
- bidra til god samhandling mellom klubborgan og funksjonar
- vere eit oppslagsverk for nye tillitsvalde
- støtte opp under kvalitetsklubbarbeidet
- sikre kontinuitet og langsiktig utvikling

Planen skal sjåast i samanheng med klubben sine øvrige styringsdokument, særleg sportsplan, klubbhandbok, årshjul og Fair Play-plan.

Kapittel 2. Om Stranda IL Fotball

2.1 Klubben

Stranda IL Fotball er fotballgruppa i Stranda Idrottslag og organiserer fotballaktivitet for barn, ungdom og voksne i Stranda kommune.

Klubben skal vere ein trygg og inkluderande møteplass der alle får moglegheit til å oppleve meistring, utvikling, trivsel og fellesskap gjennom fotballen.

Gjennom aktivitet, frivilligheit og samfunnsengasjement ønskjer klubben å vere ein positiv bidragsytar i lokalmiljøet.

2.2 Visjon

Frå denne Stranda kjem verdas beste fotballklubb

Visjonen skal inspirere og utfordre klubben til å tenkje langsiktig og utviklingsorientert.

Visjonen handlar ikkje berre om sportslege resultat. Han handlar om å skape den beste klubben for spelarane, trenarane, dei frivillige, foreldra og lokalsamfunnet.

2.3 Klubbprofil

Ein klubb for alle

Stranda IL Fotball skal vere open og inkluderande.

Klubben skal leggje til rette for aktivitet uavhengig av ferdigheitsnivå, bakgrunn, kjønn eller ambisjonar.

Alle som ønskjer å delta i fotballaktivitet skal oppleve å bli møtt med respekt, tryggleik og tilhøyrse.

2.4 Verdigrunnlag

Klubben sitt arbeid skal vere forankra i følgjande verdiar:

Kunnskap

Vi skal vere opne for læring og utvikling, og leggje til rette for kompetanseheving blant spelarar, trenarar, leiarar og frivillige.

Lojalitet

Vi skal arbeide for fellesskapet og støtte opp om klubben sine mål, verdiar og vedtak.

Ansvar

Vi skal ta ansvar for egne handlingar, vise respekt for kvarandre og bidra positivt til klubben sitt miljø.

Respekt

Vi skal møte medspelarar, motspelarar, dommarar, frivillige og publikum med respekt og god sportsånd.

2.5 Målsetjingar

Stranda IL Fotball skal:

- tilby eit trygt og inkluderande aktivitetstilbod for alle aldersgrupper
- leggje til rette for sportsleg utvikling på alle nivå
- arbeide aktivt for å redusere fråfall blant barn og ungdom
- rekruttere og utvikle trenarar, dommarar og frivillige
- vere ein attraktiv samarbeidspartnar for næringsliv og lokalsamfunn
- vidareutvikle klubben som kvalitetsklubb
- sikre berekraftig økonomisk drift

Kapittel 3. Organisasjonsmodell

3.1 Stranda-modellen

Stranda IL Fotball er organisert etter ein modell der styret har det overordna ansvaret for klubben, medan dagleg leiar har ansvar for den daglege drifta. Sportsleg utvikling vert koordinert gjennom Sportsleg utval (SU), medan fleire arbeidsgrupper og støttefunksjonar bidreg til å løyse viktige oppgåver i klubben. Modellen byggjer på samspel mellom:


- styret
- dagleg leiar
- sportsleg utval
- frivillige
- arbeidsgrupper
- støttefunksjonar

Målet er å sikre god drift, tydelege ansvarsforhold og langsiktig utvikling.

3.2 Organisasjonskart

3.2 ORGANISASJONSKART

Stranda IL Fotball er organisert slik:



VÅR ORGANISASJONSMODELL

Stranda IL Fotball er organisert med årsmøtet som øvste organ. Styret har det overordna ansvaret for drift og utvikling av klubben, medan dagleg leiार koordinerer den daglege verksemda. Utval, arbeidsgrupper og støttefunksjonar bidreg til å gjennomføre aktivitetar og utvikle klubben i tråd med vedtekter, verdier og målsetjingar.

NØKKELPRINSIPP

- ✓ Alle skal oppleve meistring, tryggleik og trivsel
- ✓ Engasjerte frivillige er grunnlaget for klubben
- ✓ God kommunikasjon og samhandling er avgjerande
- ✓ Tydeleg struktur og roller skaper forutsigbarheit
- ✓ Vi utviklar oss – i lag – for ei endå betre fotballoppleving

3.3 Organisasjonen per 2026

Styret

Styret er det øvste styringsorganet i Stranda IL Fotball mellom årsmøta og har det overordna ansvaret for drift, økonomi, organisering og utvikling av klubben.

Rolle	Namn	Tilleggsansvar
Styreleiar	Astrid Elin Håseth	Barneidrettsleiar
Nestleiar	Torbjørn Langlo	Organisasjonsutvikling
Styremedlem	Endre Kjølås	Sportsleg leiar
Styremedlem	Siw Linda Kvame	Verdi og samfunnsleiar
Styremedlem	Espen Hove	Kommunikasjonleiar
Styremedlem	Nils Erik Espelund	Bane- og anleggsleiar
Styremedlem	Tonje B Årvik	Kvalitetsklubbleiar
Styremedlem	Kristoffer Joranger	Økonomileiar

Tilsett

For å sikre kontinuitet og god drift har klubben tilsett dagleg leiar.

Dagleg leiar er tilsett av styret og rapporterer til styret gjennom styreleiar.

Rolle	Namn
Dagleg leiar	Ronny Ødegård

Nøkkelroller

Klubben har fleire sentrale funksjonar som bidreg til kvalitet, utvikling og trygg drift.

Funksjon	Namn
Leiar Sportsleg utval	Endre Kjølås
Trenarrettleiar	Ronny Ødegård
Verdi og samfunnsleiar	Siw Linda Kvame
FIKS-leiar	Frode Verpeide
Dommarrettleiar	Bastian Svendsen
Politiattestansvarleg	Joakim Nykrem
Leiar Sponsorgruppe	Martin Espelund

3.4 Frivillig organisasjon

Stranda IL Fotball er bygd på frivillig innsats.

Foreldre, føresette, trenarar, lagleiarar, dommarar, tillitsvalde og andre frivillige bidreg kvart år med eit omfattande arbeid som er avgjerande for klubben si drift.

Klubben skal arbeide aktivt for å:

- rekruttere frivillige
- gi god opplæring til nye frivillige
- skape eit inkluderande miljø
- fordele arbeidsoppgåver på ein rettferdig måte
- anerkjenne innsatsen som vert lagt ned

Frivillig arbeid er ein viktig del av klubbkulturen og ein føresetnad for at Stranda IL Fotball skal kunne tilby eit breitt aktivitetstilbod.

Kapittel 4. Styret sitt ansvar og arbeidsform

4.1 Styret sitt ansvar

Styret har det overordna ansvaret for at Stranda IL Fotball vert driven i samsvar med vedtekter, årsmøtevedtak og gjeldande lover og reglar frå Norges Idrettsforbund og Norges Fotballforbund.

Styret skal arbeide for ei sunn og berekraftig utvikling av klubben og sikre at aktiviteten er forankra i klubben sine verdiar, målsetjingar og strategiar.

Styret har særleg ansvar for:

- overordna leiing av klubben
- strategi- og organisasjonsutvikling
- økonomistyring og budsjettoppfølging
- arbeidsgjevaransvar for dagleg leiar
- oppfølging av sportslege og organisatoriske mål
- forvaltning av klubben sine ressursar
- oppfølging av styringsdokument og rutinar
- kvalitetsklubbarbeid

4.2 Styremøte

Styret skal gjennomføre regelmessige styremøte gjennom året.

Dagleg leiar førebur saker og kallar inn til styremøte i samråd med styreleiar.

Styreleiar leier styremøta.

Kvart styremøte skal som minimum innehalde:

- godkjenning av referat frå førre møte
- oppfølging av vedtak
- økonomirapportering
- status på aktivitet og drift
- saker frå utval og arbeidsgrupper
- oppfølging av årshjul
- fastsetjing av dato for neste møte

Det skal førast referat frå alle styremøte.

4.3 Arbeidsgjevaransvar

Styret er arbeidsgjevar for dagleg leiar.

Styret har ansvar for:

- tilsetjing

- oppfølging av arbeidsavtale
- medarbeidersamtalar
- arbeidsmiljø
- mål og forventningar til stillinga
- evaluering av arbeid og måloppnåing

Styreleiar er styret sitt primære kontaktpunkt overfor dagleg leiar i arbeidsgjevarsaker.

4.4 Økonomi

Styret har det overordna økonomiske ansvaret for Stranda IL Fotball.

Klubben nyttar eksternt rekneskapsfirma til rekneskapsføring og økonomisk rapportering.

Styret skal:

- vedta budsjett
- følgje opp økonomirapportar
- sikre forsvarleg økonomisk drift
- arbeide for langsiktig økonomisk berekraft
- sikre god internkontroll
- rapportere økonomisk status til årsmøtet

Økonomiansvarleg og dagleg leiar skal bidra til at styret til ei kvar tid har god oversikt over den økonomiske situasjonen.

Kapittel 5. Utval og arbeidsgrupper

For å sikre god drift og utvikling nyttar Stranda IL Fotball ulike utval, arbeidsgrupper og støttefunksjonar. Desse arbeider på vegner av klubben innanfor mandat fastsett av styret.

Utvala skal bidra til at arbeidsoppgåver vert fordelte på fleire personar og at klubben nyttar kompetansen og ressursane til frivillige på ein best mogleg måte.

Utvala rapporterer til styret gjennom sine leiarar eller gjennom dagleg leiar der dette er naturleg.

5.1 Sportsleg utval (SU)

Sportsleg utval har det overordna ansvaret for den sportslege utviklinga i Stranda IL Fotball.

Sportsplanen er utvalet sitt viktigaste styringsdokument og skal vere retningsgivande for all sportsleg aktivitet i klubben.

Utvalet skal bidra til at klubben tilbyr eit utviklande, trygt og inkluderande fotballtilbod for alle spelarar.

Samansetjing

Sportsleg utval består normalt av:

- Leiar Sportsleg utval
- FIKS ansvarleg
- Dommarkoordinator
- Trenarrettleiar
- Trenarrettleiar- Ungdom
- Fair Play- og samfunnsansvarleg

Styret kan ved behov utvide utvalet med fleire ressursar.

Ansvarsområde Sportsleg utval har ansvar for:

- sportsleg utvikling i klubben
- oppfølging av sportsplanen
- trenarutvikling
- spelarutvikling
- rekruttering av trenarar og lagleiarar
- koordinering mellom lag og årsklassar
- hospiteringsordningar
- sportslege evalueringar

Oppgåver Sportsleg utval skal:

- sikre at sportsplanen vert følgd
- bidra til kvalitet i treningar og kampar

- gjennomføre trenarforum ved behov
- følge opp trenarar og lagleiarar
- evaluere sportsleg aktivitet
- bidra til rekruttering av trenarar
- gjennomføre utviklingssamtalar med trenarar ved behov
- foreslå revisjonar av sportsplanen

5.2 Sponsorgruppe

Sponsorgruppa skal arbeide for å sikre stabile og langsiktige inntekter til klubben.

Gruppa skal bidra til å utvikle gode relasjonar til næringslivet og styrkje klubben sitt økonomiske grunnlag.

Ansvarsområde Sponsorgruppa har ansvar for:

- sponsoroppfølging
- sponsorutvikling
- nye samarbeidsavtalar
- profilering av samarbeidspartnarar
- utvikling av sponsorprodukt

Oppgåver

Sponsorgruppa skal:

- følge opp eksisterande sponsorar
- identifisere nye samarbeidspartnarar
- bidra til utvikling av sponsorstrategi
- sikre at avtalar vert følgde opp
- samarbeide tett med styret og dagleg leiar

5.3 Anleggsgruppe

Anleggsgruppa skal bidra til at klubben sine anlegg er trygge, funksjonelle og godt vedlikehaldne.

Gruppa er ein viktig ressurs i planlegging og gjennomføring av vedlikehald og utviklingsprosjekt.

Ansvarsområde Anleggsgruppa har ansvar for:

- vedlikehald av anlegg
- kartlegging av utstyrsbehov
- planlegging av dugnader

- oppfølging av investeringar
- utvikling av anlegg

Oppgåver Anleggsgruppa skal:

- følgje opp dagleg vedlikehald
- organisere anleggsdugnader
- melde frå om behov for investeringar
- bidra ved større prosjekt
- samarbeide med styret om utvikling av anlegga

5.4 Arrangementsgruppe

Arrangementsgruppa skal bidra til planlegging og gjennomføring av arrangement i regi av klubben.

Gruppa skal vere ein støttefunksjon for lag, styret og dagleg leiar.

Ansvarsområde

Gruppa har ansvar for:

- klubbarrangement
- fotballskular
- turneringar
- «Heimekampen»
- avslutningar og markeringar

Oppgåver

Arrangementsgruppa skal:

- bidra til planlegging og gjennomføring av arrangement
- koordinere frivillige ved større arrangement
- bidra til gode publikumsopplevingar
- samarbeide med styret og dagleg leiar

Styret oppretter Ad-Hock komiteer for ulike arrangement.

5.5 Valkomit 

Valkomiteen vert vald av årsm tet og skal arbeide for   sikre ei god samansetjing av styret og sentrale verv i klubben.

Valkomiteen skal vere uavhengig og arbeide i samsvar med klubben sine vedtekter.

Ansvarsområde Valkomiteen har ansvar for:

- kartlegging av kandidatar
- rekruttering til verv
- dialog med sitjande tillitsvalde
- førebuing av innstilling til årsmøtet

Oppgåver Valkomiteen skal:

- starte arbeidet i god tid før årsmøtet
- identifisere aktuelle kandidatar
- arbeide for breidde og mangfald i organisasjonen
- sikre kontinuitet i styret
- leggje fram si innstilling for årsmøtet

5.6 Prosjektgrupper

Styret kan opprette prosjektgrupper ved behov.

Prosjektgrupper vert oppretta for avgrensa periodar og skal arbeide med konkrete utviklings- eller investeringsprosjekt.

Døme på prosjekt Prosjektgrupper kan arbeide med:

- utvikling av stadionanlegg
- kunstgrasprosjekt
- klubbhusutvikling
- større arrangement
- jubileum
- anleggsutvikling
- framtidige hallprosjekt

Arbeidsform Prosjektgrupper:

- får mandat frå styret
- rapporterer til styret
- vert oppløyse når prosjektet er avslutta
- skal dokumentere arbeidet sitt slik at erfaringar vert tekne vare på

5.7 Samspel mellom utval, dagleg leiar og styret

Stranda IL Fotball byggjer på eit tett samarbeid mellom frivillige, tillitsvalde og tilsette.

Styret har det overordna ansvaret for klubben.

Dagleg leiar har ansvar for den daglege drifta og koordinering av aktivitetar.

Utval og arbeidsgrupper bidreg med fagkompetanse, frivillig innsats og utviklingsarbeid innanfor sine område.

God kommunikasjon og klare ansvarsforhold er avgjerande for at organisasjonen skal fungere effektivt og i tråd med klubben sine verdiar og målsetjingar.

Kapittel 6. Roller og ansvar

For å sikre god drift, tydelege ansvarsforhold og kontinuitet i arbeidet skal alle sentrale roller i Stranda IL Fotball ha definerte ansvarsområde og oppgåver.

Rollebeskrivingane skal vere eit hjelpemiddel for både eksisterande og nye tillitsvalde, og bidra til at kunnskap og erfaring vert vidareført ved skifte av personar.

Alle som har verv eller funksjonar i klubben skal arbeide i samsvar med klubben sitt verdigrunnlag, organisasjonsplan, sportsplan og øvrige styringsdokument.

6.1 Styreleiar

Formål Styreleiar er den øvste tillitsvalde i Stranda IL Fotball og har ansvar for å leie styret sitt arbeid mellom årsmøta.

Ansvarsområde

- Leie styret sitt arbeid
- Representere klubben utad
- Sikre at vedtak vert følgde opp
- Bidra til god samhandling mellom styret og dagleg leiar

Hovudoppgåver

- Leie styremøta
- Følgje opp årshjul og handlingsplanar
- Vere kontaktperson mot Stranda Idrettslag sitt hovudstyre
- Representere klubben ved møter og arrangement
- Følgje opp dagleg leiar i arbeidsgjevarsaker

Rapportering Rapporterer til årsmøtet gjennom styret.

6.2 Nestleiar

Formål Nestleiar skal støtte styreleiar og bidra til kontinuitet i styret sitt arbeid.

Ansvarsområde

- Støtte styreleiar
- Delta i utviklingsarbeid
- Ta over oppgåver ved fråvær

Hovudoppgåver

- Vere rådgjevar og støttespelar for styreleiar
- Delta i strategiarbeid
- Representere klubben ved behov
- Følgje opp oppgåver delegert av styret

Rapportering Rapporterer til styret.

6.3 Dagleg leiar

Formål Dagleg leiar har ansvar for den daglege drifta av Stranda IL Fotball og skal sikre at aktivitetar, vedtak og oppgåver vert følgde opp.

Ansvarsområde

- Dagleg drift
- Administrasjon
- Koordinering av aktivitet
- Oppfølging av styrevedtak

Hovudoppgåver

- Førebu saker til styret
- Kalle inn til styremøte i samråd med styreleiar
- Følgje opp vedtak frå styret
- Vere kontaktpunkt for medlemmar, lag og frivillige
- Bidra til økonomisk kontroll og rapportering
- Koordinere klubbaktivitetar gjennom året

Rapportering Rapporterer til styret gjennom styreleiar.

6.4 Økonomileiar

Formål Økonomileiar skal bidra til god økonomistyring og økonomisk kontroll i klubben.

Ansvarsområde

- Budsjettoppfølgning
- Økonomirapportering
- Økonomisk kontroll

Hovudoppgåver

- Følgje opp budsjett og rekneskap
- Gjennomgå økonomirapportar frå rekneskapsfirma
- Bidra til økonomiske vurderingar i styret
- Bidra til årsbudsjett og økonomiplanlegging

Rapportering Rapporterer til styret.

6.5 Kvalitetsklubbleiar

Formål

Kvalitetsklubbleiar skal vere pådrivar for kvalitetsklubbarbeidet i Stranda IL Fotball.

Ansvarsområde

- Oppfølging av kvalitetsklubbkrav
- Dokumentstyring
- Kontakt med Sunnmøre Fotballkrets

Hovudoppgåver

- Vere kontaktperson mot kretsen
- Sikre at krav og fristar vert følgde
- Følgje opp styringsdokument
- Bidra til kontinuerleg utvikling av klubben
- Informere styret om status og utviklingsområde

Rapportering Rapporterer til styret.

6.6 Verdi og samfunnsleiar

Formål Verdi- og samfunnsleiar skal bidra til eit trygt, inkluderande og positivt klubbmiljø.

Ansvarsområde

- Fair Play
- Inkludering
- Haldningsskapande arbeid
- Samfunnsansvar

Hovudoppgåver

- Fremje klubben sitt verdigrunnlag
- Følgje opp Fair Play-rutinar
- Bidra til inkluderande aktivitet
- Vere støtteperson ved Fair Play-saker
- Delta på relevante møte og samlingar

Rapportering Rapporterer til styret og Sportsleg utval.

6.7 Barneidrett leiar

Formål Barneidrett leiar skal sikre at aktivitet for barn skjer i samsvar med NIF sine retningslinjer for barneidrett.

Ansvarsområde

- Barneidrett
- Tryggleik
- Aktivitetstilbod

Hovudoppgåver

- Sikre at retningslinjer vert følgde
- Vere rådgjevar for trenarar og lagleiarar
- Bidra til inkluderande aktivitet
- Følgje opp spørsmål knytte til barneidrett

Rapportering Rapporterer til styret.

6.8 Trenarrettleiar

Formål Trenarrettleiaren er Sportsleg utval sin representant på treningsfeltet.

Ansvarsområde

- Trenarutvikling
- Sportsleg rettleiing
- Hospitering

Hovudoppgåver

- Rettleie trenarar
- Arrangere trenarforum
- Bidra til implementering av sportsplanen
- Følgje opp hospiteringsordningar
- Delta i evaluering av trenarteam

Rapportering Rapporterer til Sportsleg utval.

6.9 Kommunikasjonsleiar

Formål Kommunikasjonsleiar skal bidra til god informasjonsflyt i klubben.

Ansvarsområde

- Heimeside
- Sosiale medium
- Informasjon

Hovudoppgåver

- Oppdatere digitale kanalar
- Formidle viktig informasjon
- Bidra til synleggjering av aktivitet
- Støtte lag og utval med kommunikasjon

Rapportering Rapporterer til styret.

6.10 Bane- og anleggsleiar

Formål Bane- og anleggsleiar skal bidra til at klubben sine anlegg er trygge og funksjonelle.

Ansvarsområde

- Drift av anlegg
- Vedlikehald
- Utvikling

Hovudoppgåver

- Følgje opp anlegg og utstyr
- Kartleggje vedlikehaldsbehov
- Koordinere dugnader
- Bidra ved anleggsprosjekt

Rapportering Rapporterer til styret.

6.11 FIKS-leiar

Formål FIKS-leiar skal sikre korrekt registrering og oppfølging i NFF sitt FIKS-system.

Hovudoppgåver

- Registrere roller og lag
- Oppdatere spelarregister
- Bistå lagleiarar ved behov
- Sikre at klubben oppfyller krav frå NFF

Rapportering Rapporterer til styret.

6.12 Dommarleiar

Formål Dommarleiar skal bidra til rekruttering, utvikling og oppfølging av dommarar.

Hovudoppgåver

- Rekruttere nye dommarar
- Bidra til dommarkurs
- Følgje opp klubbdommarar
- Administrere dommaroppsett ved behov
- Bidra til dommarutvikling

Rapportering Rapporterer til styret.

6.13 Politiattestleiar

Formål Politiattestleiar skal sikre at klubben følgjer NIF sine krav om politiattest.

Hovudoppgåver

- Følgje gjeldande regelverk
- Informere om rutinar
- Kontrollere og registrere politiattestar
- Oppdatere oversikter over godkjende personar

Rapportering Rapporterer til styret.

6.14 Kioskleiar

Formål Kioskleiar skal sikre god drift av klubbens kioskverksemd.

Hovudoppgåver

- Planleggje vareinnkjøp
- Organisere kioskvakter
- Følgje opp rutinar for sal og oppgjør
- Bidra til gode publikumsopplevingar

Rapportering Rapporterer til dagleg leiar eller styret.

6.15 Arrangementleiar

Formål Arrangementsleiar skal bidra til profesjonell gjennomføring av arrangement i regi av klubben.

Hovudoppgåver

- Koordinere arrangement
- Organisere frivillige
- Følgje opp praktisk gjennomføring
- Bidra til gode opplevingar for deltakarar og publikum

Funksjonen vert ivareteken av dagleg leiar dersom ikkje anna vert vedteke av styret.

Rapportering Rapporterer til styret.

6.16 Rekrutteringsleiar

Formål Rekrutteringsleiar skal bidra til at Stranda IL Fotball har eit godt og langsiktig arbeid med rekruttering av spelarar, trenarar, dommarar og frivillige.

Funksjonen skal støtte klubben sitt arbeid med å sikre aktivitet, kontinuitet og utvikling i alle delar av organisasjonen.

Ansvarsområde

- Rekruttering av spelarar

- Rekruttering av trenarar og lagleiarar
- Rekruttering av frivillige
- Bidra til god mottaking av nye medlemmar

Hovudoppgåver

- Bidra til at nye årskull vert rekrutterte inn i klubben
- Samarbeide med trenarar, lagleiarar og utval om rekrutteringstiltak
- Bidra til informasjon om klubben sitt aktivitetstilbod
- Arbeide for at nye medlemmar vert godt inkluderte i klubbmiljøet
- Støtte arbeidet med rekruttering av frivillige ressursar
- Bidra til å identifisere utfordringar knytte til fråfall og deltaking

Rapportering Rapporterer til styret og samarbeider tett med dagleg leiar og Sportsleg utval.

I Stranda IL Fotball vert rekrutteringsarbeidet normalt ivareteke av dagleg leiar, Sportsleg utval og aktuelle trenar- og lagmiljø. Styret kan ved behov peike ut ein eigen rekrutteringsleiar.

Kapittel 7. Frivillighet og dugnad

7.1 Frivillighet som grunnlag for klubben

Stranda IL Fotball er bygd på frivillig innsats. Gjennom engasjement frå foreldre, føresette, trenarar, lagleiarar, dommarar, tillitsvalde og andre frivillige kan klubben tilby eit breitt og inkluderande aktivitetstilbod.

Frivillig arbeid er ein føresetnad for at klubben skal kunne utvikle seg og halde oppe eit høgt aktivitetsnivå. Innsatsen frå frivillige er avgjerande for at klubben skal kunne tilby gode aktivitetar, utvikle anlegg, gjennomføre arrangement og skape eit positivt klubbmiljø.

Klubben ønskjer å vere ein attraktiv organisasjon å engasjere seg i, og skal leggje til rette for at frivillige opplever meistring, tilhøyrse og anerkjenning.

7.2 Mål for frivillig arbeid

Stranda IL Fotball skal:

- leggje til rette for at det er enkelt å bidra som frivillig
- gi god informasjon og opplæring til nye frivillige
- fordele oppgåver på ein rettferdig måte
- skape eit inkluderande og positivt frivilligmiljø
- anerkjenne og synleggjere innsatsen som vert lagt ned
- arbeide aktivt med rekruttering av nye frivillige

7.3 Foreldrerolla

Foreldre og føresette er blant klubben sine viktigaste ressursar.

Klubben forventar at foreldre:

- støttar opp om klubben sine verdiar og målsetjingar
- bidreg til eit trygt og positivt miljø rundt treningar og kampar
- viser respekt for trenarar, dommarar, spelarar og andre frivillige
- følgjer opp informasjon frå klubben og laget
- deltek på dugnader og aktivitetar etter evne

Foreldre er viktige rollemodellar for barn og unge, og skal bidra til at fotballen vert ein arena for utvikling, trivsel og fellesskap.

7.4 Dugnadsarbeid

Dugnadsarbeid er ein viktig del av finansieringa og drifta av Stranda IL Fotball.

Klubben skal arbeide for at dugnadsoppgåver vert fordelte på ein open, føreseieleg og rettferdig måte.

Dugnadar skal:

- bidra til fellesskap og klubbkjensle
- styrke klubben sitt økonomiske grunnlag
- bidra til utvikling og vedlikehold av anlegg og aktiviteter
- gjennomføres med respekt for at familiar har ulike føresetnader for å bidra

Kapittel 8. Kommunikasjon

8.1 Mål

God kommunikasjon skal bidra til openheit, informasjon og samhandling mellom klubben, medlemmane og lokalsamfunnet.

Klubben skal arbeide for at informasjon er lett tilgjengeleg, oppdatert og relevant for dei som er involverte i aktiviteten.

8.2 Informasjonskanalar

Stranda IL Fotball nyttar følgjande hovudkanalar for informasjon og kommunikasjon:

- Nettside
- Facebook
- Hoopit
- E-post
- Informasjonsmøte ved behov

Desse kanalane skal nyttast aktivt for å informere om aktivitetar, arrangement, dugnader, kurs og andre forhold som er relevante for medlemmane.

8.3 Kommunikasjonsansvar

Kommunikasjons- og webansvarleg har hovudansvaret for klubben sine digitale kommunikasjonskanalar.

Styret, dagleg leiar, trenarar, lagleiarar og utval har ansvar for å bidra til at nødvendig informasjon vert formidla vidare til aktuelle målgrupper.

Klubben skal leggje vekt på:

- open og tydeleg kommunikasjon
- respektfull tone
- korrekt informasjon
- god informasjonsflyt mellom klubborgan og medlemmar

Kapittel 9. Kvalitetsklubb

9.1 Forankring

Stranda IL Fotball skal arbeide etter prinsippa i Norges Fotballforbund sitt kvalitetsklubbkonsept.

Kvalitetsklubb skal bidra til:

- tydelege roller og ansvarsforhold
- gode rutinar og arbeidsprosessar
- kompetanseutvikling
- trygg og inkluderande aktivitet
- kontinuitet og langsiktig utvikling

Kvalitetsklubb skal vere ein naturleg del av den daglege drifta og ikkje eit prosjekt som vert gjennomført ved sidan av ordinær aktivitet.

9.2 Ansvar

Styret har det overordna ansvaret for kvalitetsklubbarbeidet.

Kvalitetsklubbansvarleg skal koordinere arbeidet og vere bindeledd mellom klubben og Sunnmøre Fotballkrets.

Arbeidet skal vere forankra i alle delar av organisasjonen og bidra til kontinuerleg utvikling av klubben.

9.3 Dokumentstyring

For å sikre kontinuitet og kvalitet skal sentrale styringsdokument haldast oppdaterte.

Følgjande dokument er særleg viktige:

- Organisasjonsplan
- Sportsplan
- Klubbhandbok
- Årshjul
- Fair Play-plan
- Økonomirutinar
- Andre relevante rutinar og retningslinjer

Styret har ansvar for at dokumenta vert gjennomgått og reviderte ved behov.

Kapittel 10. Styring, dokumentasjon og revisjon

10.1 Styrande dokument

Stranda IL Fotball sine viktigaste styringsdokument er:

Dokument	Ansvarleg	Revisjon
Organisasjonsplan	Styret	Ved behov
Sportsplan	Sportsleg utval	Minimum annakvart år
Klubbhandbok	Styret	Årleg
Årshjul	Styret og dagleg leiar	Årleg
Fair Play-plan	Fair Play- og samfunnsansvarleg	Årleg
Økonomirutinar	Styret og dagleg leiar	Ved behov

Dokumenta skal vere tilgjengelege for dei som har roller og ansvar i klubben.

10.2 Revisjon av organisasjonsplanen

Styret har ansvar for at organisasjonsplanen vert gjennomgått og oppdatert ved behov.

Planen skal vurderast minimum éin gong i kvar styreperiode og når det skjer vesentlege organisatoriske endringar.

Mindre oppdateringar av personar, funksjonar og kontaktinformasjon kan gjennomførast utan full revisjon av dokumentet.

10.3 Avsluttande merknad

Organisasjonsplanen er eit levande dokument og skal vere eit praktisk arbeidsverktøy for styret, dagleg leiar, utval, trenarar, lagleiarar og frivillige i Stranda IL Fotball.

Dokumentet skal bidra til kontinuitet, tydelege ansvarsforhold og vidare utvikling av klubben, slik at Stranda IL Fotball kan vere ein trygg, inkluderande og utviklande klubb for alle.

10.4 Revisjonslogg

Versjon	År	Endring
1.0	2015	Organisasjonsplan oppretta
2.0	2020	Revidert organisasjonsplan
3.0	2023	Oppdatert organisering
4.0	2026	Full revisjon og modernisering av organisasjon, roller, styringsstruktur og kvalitetsklubbforankring